



Brødrene Ulveseth AS  
Leirviksflaten 23  
5882 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2075 - 16/21402

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
11.11.2016

## Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassverk GBNR 31/2 Håtuftvegen

**Administrativt vedtak. Saknr: 372/2016**

### Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 16.08.2016, og supplerande dokumentasjon journalført 14.10.2016, 02.11.2016 og 03.11.2016, søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for eigedomen gbnr 31/2, Håtuftvegen, slik motteke situasjonskart syner.

Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverket via privat stikkledning. Den private leidningen går frå kommunal kum og vidare over gbnr 31/2 og fram til eigedomen gbnr 31/10. Denne leidningen vart godkjent etablert i 2009. Det ligg føre naudsynt avtale/erklæring som gjev eigedomen gbnr 31/2 rett til å nytta denne leindingen.

Kommunen er kjent med at arbeidet med ledning til gbnr 31/2 også er utført, jf skriv frå tiltakshavar dagsett 04.04.2014 og Meland kommune sitt svar dagsett 11.04.2014. Kommunen mottok tilknytingsavgift, kr 12 500,-, 24.03.2014.

### Vurdering:

Eigedomen har fått godkjent avlaupsløysing til minireinseanlegg, sak DNT.363/2016. Naudsynt erklæring ligg føre og administrasjonen har ingen merknad til at eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket.

### Ansvarsrettar:

Føretak	Godkjenningsområde
Bergen Rørteknikk AS Org.nr. 990269068 Sentral godkjenning	UTF - leidningsarbeid

Brødrene Ulveseth AS Org.nr. 993231150 Sentral godkjenning	SØK – ansvarleg søkjar UTF - grøftarbeid
--	---

## Vedtak

«Meland kommune godkjenner at egedomen gbnr 31/2 vert tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført 16.08.2016, og supplerande dokumentasjon journalført 14.10.2016, 02.11.2016 og 03.11.2016 på følgjande vilkår:

- Tilknytinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Tilknytinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.

Tilknytingsavgift kr 12 500,- vart innbetalt 24.03.2014, jf motteken kvittering.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar , jf vurderinga ovanfor.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

### Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

kart  
teikning

**Kopi til:**

Bergen Rørteknikk AS  
Tordis Nikolaisen

Storehaugen 9 5304

HETLEVIK

**Mottakere:**

Brødrene Ulveseth AS

Leirviksflaten 23 5882

BERGEN